

Referat 3

Møte 3. Referat frå møte i NH-nemnda

Møtestad: Smia, Hornindal

Tid: Måndag 24.04.17, kl 1900 – ca kl 21.00

Innkalling: Sonja Håvik, Volda kommune

Til stades:

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Siv Madeleine Kristensen

Rolf Taraldset

Jon Tvinnereim

Orientering:

1. Annonse med innbygding til å kome med forslag om namn på den nye kommunen kom ikkje i veke 16, slik det var bestemt av nemnda. I staden kjem annonsen i dei aktuelle avisene i veke 17 og – som bestemt tidlegare – i veke 18. Leiaren avtalar med dei ansvarlege i Volda kommune om utsending og oppretting (sjå nedanfor).
2. I annonsen som kom i avisene i veke 14, var det feil adresse for Hornindal kommune. Adressa er : Hornindal kommune. Påstboks 24, 6761 Hornindal. Kommunen må føre opp rett postboksadresse på heimesida si og rett adresse til: namneforslag@volda.kommune.no. Dette må kome under infoen om ny kommune, nytt namn og nytt kommuenvåpen.
3. På første sida i begge kommunane sine heimesider må det liggje ei påminning om namnekonkurransen – heilt fram til 10. mai, datoen då namneforslag seinast må vere innkomne. Når ein trykkjer på denne påminninga, blir ein ført direkte over til annonsen som informerer om namnekonkurransen.

Saker på møtet:

1. Innkomne forslag til namn på den nye kommunen.
Det har vist seg stor interesse for spørsmålet om namn på den nye kommunen. Somme av forslaga har med grunngjeving, men ikkje alle. Det er ønskjeleg at forslaga som blir innsende, har med grunngjeving. Det blir oppmoda gjennom avisene – i tillegg til annonsane – om å sende inn forslag til kommunenamn.
2. Kommunevåpen i den nye kommunen.
 - Annonsering som gjeld innsending av forslag til kommunevåpen, bør vere av same omfang som annonseringa som gjeld namn på kommunen.

- Tidsfrist for innsending av forslag blir sett på neste møtet i nemnda, 11. mai.
- Leiaren lagar utkast til annonse som blir sendt ut til nemndmedlemmane i forkant av dette møtet.

3. Ordførarkjede.

Avgjerd om korleis ein skal få laga ny ordførarkjede, blir teken etter at kommunevåpen for nykommunen er bestemt.

4. Neste møte i nemnda blir 18. mai kl. 19.00 i Smia, Hornindal.

Referent: Jon Tvinnereim